

Velkommen til nytt skuleår

Då er me i gang med nytt skuleår. Velkommen til alle elevar, spesielt dei nye 1. klassingane.

Det er litt endringar i administrasjonen. Ingrid Vold er ny rektor på skulen. Gudny Tveiten er lagleiar på 3. og 4. klasse, og Kristin Stueland er lagleiar på 1. og 2. klasse.

Personalet vil dette skuleåret ha fokus på å skapa eit inkluderande skulemiljø der alle elevane trives og har venner, er motiverte og aktive i læringsprosessane og ikkje minst får tilpassa arbeidsoppgåver.

Cromebook

I starten av september vil alle elevane på skulen ha eigen cromebook. Me ynskjer at cromebooken skal vera eit læringsbrett og brukast på skulerelaterte oppgåver. Føresette er ansvarleg for uhell, skadar og tjuveri etter skuletid. Sjå meir info på [heimesida](#).

Elevane vil også få utdelt eit headset til bruk på skulen. Dersom dette vert øydelagt, må elevane ta med seg nytt heimefrå. Skulen anbefaler og at elevane oppbevarer cromebooken i ei beskyttelsesveske.

SFO

Dersom elevane ikkje skal i SFO, ynskjer skulen at både kontaktlærar og SFO får beskjed. Dette kan gjerast gjennom:

- 1- Visma Flyt, tilstedeværelse
- 2- Mail/melding til kontaktlærar, samt til SFO: 99214869.

Etter haustferien vil SFO flytta opp til ombygde areal i skuledelen.

Leksegruppe

Tysdag, onsdag, torsdag og fredag frå kl. 7.45 – 8.15 er det leksegruppe for 2.-4. klasse. Ta kontakt med kontaktlærar om

du vil at barnet ditt skal gå i leksegruppe. Det vil vera det skriftlege arbeidet som vert prioritert. I ein leseopplæringsprosess er det viktig med tett oppfølging, og dette vert vanskeleg på ei leksegruppe med fleire elevar per lærar.

Skyss

Nytt av året er at det går buss frå skulen til Stokkelandsmarka også på fredagar kl. 14.20.

Foreldremøte

2. september klokka 19.00 vert det foreldremøte for 1. klasse

30. september klokka 18.00/19.00 vert det foreldremøte for 2.-4.klasse. Saksliste kjem.

Beintøft

Fleire trinn er med på den nasjonale «Gå til skulen-aksjonen» no i september. Ved avlevering og/eller henting av elevane utfor skulen, er det «kiss-and-drive»-slusa i venstre køyrebane som skal brukast. Skulen ynskjer ikkje avlevering av elevar på vegen eller inn på skuleområde. Ved lite parkeringsplassar kan gult SFO-bygg nedfor skulen brukast som avlevering/henting.

Med helsing
Ingrid Vold
rektor

